

KULTURELT UTVIKLINGSPROGRAM

RAPPORT

Vår ref: 2016/895-64

Prosjektnamn: Sunde Kyst- og Litteratursenter

Tildelt beløp: 450 000 kr.

1. Kva er utført i perioden?

Me er ikkje komne i gang med å bruka desse midlane. Dette skuldast at me ikkje har fått på plass vår del av finansieringa. Me har søkt om stønad fleire stadar utan å få noko til drift. Så har me vore i kontakt med Sunnhordland Museum. Kanskje dei kan hjelpa oss vidare? Me har og vore inne på om Kvinnherad kommune kan bidra med meir.

2. Status i høve til målsetting:

Me har som mål å tilsetja ein person som kan vera ansvarleg for dagleg drift og arrangement i senteret, evnt. som ei deltidsstilling. Dette er me ikkje komne i gang med fordi me har ikkje klart å koma i hamn med vår del av finansieringa.

3. Evnt. avvik i høve til prosjektplan/budsjett:

☒ Årsak til avvik:

Årsaka er at me ikkje har fått tak i dei midlane me treng for å få stillinga fullfinansiert.

☒ Konsekvensar for prosjektet:

Konsekvensen er at me kjem i gang seinare enn planlagt. Me har ikkje tenkt å gi opp. Det er viktig for senteret å ha tilsett ein dagleg leiar. Me satsar stort og kan ikkje rekna med at alle planane våre kan gjennomførast på dugnad/friviljug arbeid. Det er derfor viktig å ha ein leiar som kan lønast for arbeidet.

☒ Evnt. korrigerande tiltak/endringar:

Me skal i gang med eit større rehabiliteringsarbeid i vår. Då vert nok senteret stengt nokre månadar. Me ser at me kanskje har meir bruk for dagleg leiar etter at rehabiliteringa er ferdig. Då først kan me ynskja folk velkomne i eit skinande, flott kyst- og litteratursenter og vonleg auka aktiviteten i senteret. Me legg opp til stor aktivitet både når det gjeld kystkultur og litteratur. Det ville derfor vore fint om me kunne fått bruka midlane frå Hordaland Fylkeskommune etter at restaureringsperioden er over.

4. Andre merknadar:

Nokre i styret gjer mykje arbeid med senteret. Mykje meir enn det som kan reknast som vanleg styrearbeid. Er det mogeleg å føra dette som vår del av finansieringa. Korleis skal me då gå fram? Det er viktig for oss at me ikkje mister desse midlane frå fylket. Vonar HFK ser positivt på at me let desse pengane stå på vent ei stund.